

Bergen, 21.6.1983  
OM/TBR

MELDING FRÅ FISKERIDIREKTØREN

J. 75/83.

FØRESEGNER OM REGULERING AV FISKET MED NOTREISKAPAR ETTER SILD I TRONDHEIMSFJORDEN I 1983.

Med heimel i § 37 i lov av 25. juni 1937 om sild- og brislingfiskeriene, jfr. kgl. res. av 17. februar 1964 og § 10 i lov av 16. juni 1972 om regulering av deltagelsen i fisket, jfr. kgl. res. av 8. september 1972, har Fiskeridepartementet 31. mai 1983 fastsett følgjande føresegner:

§ 1

I eit område i Trondheimsfjorden avgrensa i vest av ei line mellom Frøset-skjær lykt og Røberg lykt kan ein fiske 5.000 hl sild med snurpenot og 2.000 hl med landnot til menneskemat.

Fiskeridirektøren fastset opningsdato for fisket, og kan stanse det når dei kvanta som er nemnde i første ledd er pårekna oppfiska.

§ 2

Høgste lovlege fangstkvantum for snurpenotbruk er 200 hl og 100 hl for landnotbruk.

§ 3

Ingen kan delta i fisket utan å vere melde på til Feitsildfiskernes Salgsdag, Trondheim.

Farty som vert nytta må vere fiskerimerka, utstyrt med høveleg bruk for slike fiske og mindre enn 90 fot største lengde.

Høvedsmannen for bruket må stå på blad B i fiskarmanntalet og eiga fartyet.

Ingen kan meld på fleire enn eit farty.

Fiskeridirektøren kan etter søknad dispensere frå kravet om eigartilhøva i tredje stykke.

§ 4

Det er forbode å låssetje, ta opp eller føre i land sild under 23 cm.

Utan hinder av første ledd kan fangstar ha inntil 20 prosent i vekt av sild under 23 cm.

§ 5

Fiskeridirektøren kan gje føresegner til utfylling, gjennomføring og kontroll av desse føresegogene, med dette også reglar om låssetjing, prøvetaking og kontroll av fangstane.

Av omsyn til bestanden kan Fiskeridirektøren sperre for fisket etter sild i avgrensa delar av området nemnt i § 1.

Etter søknad frå Feitsildfiskernes Salgslag kan Fiskeridirektøren gje løyve til oppmaling for heile eller delar av fangstar dersom silda av kvalitetsmessige grunnar ikkje kan nyttast til menneskemat.

§ 6

Forsettlege eller aktlause brot på desse føreseggnene vert straffa med bøter.

§ 7

Desse føreseggnene tar til å gjelde straks.

-----